



Det var friluftsdag ved Fjellandsbø også i 2005 og då vart dette biletet teke. Steinar Haugland i turgruppa i Uskedalen idrettslag stiller også i år opp med ein luftig tyrolertravers – ein skikkeleg utfordring til dei fleste

**Søndag 12. august arrangerer Kvinnherad Turlag friluftsdag for alle ved Fjellandsbø. Det vert ein dag med aktivitetar for alle i samarbeid med andre frilufsorganisasjonar.**

Det blir lagt til rette for klatring, kanopadling, fiskeing, tillaging av mat på bål, hesteriding, tyrolertravers – og meir! Her vil alle få høve til å prøva ut ulike aktivitetar i friluft, seier leiar Anne Kari Enes.

Det er frammøte og registrering frå klokka 12 og det kostar 20 kroner pr. person og maksimalt 100 kroner for ein familie. Anne Kari gjev meir informasjon på telefon 951 96 467 om det er ønskjeleg.

Aktivitetane vil høve både for born, ungdom, vaksne, foreldre og besteforeldre. Det blir anbefalt å ta med redningsvest og noko å steika på bålet. Arrangørane lagar til grue der deltakarane kan få steina lappekake på bålpanna eller poppa popcorn på glørne.

Barnas Turlag set opp indianarleir med overnatting i indianartelt frå laurdag til sundag. Der vert det indianarleik og mykje moro. Deltakarane blir med på friluftsdagen. Interesserte kan melde seg på til Helge Furdal på telefon 995 12 585.